



**VIL HA SENTER:** Ap-leiar i Førde, Jorunn Eide Kirketeig, vil no jobbe for å få til eit kunnskapscenter i Førde slik at arbeidsmarknaden skal få lettare tilgang på høg kompetanse.

## Vil etablere kunnskapscenter i Førde

Det blir no arbeid for å få eit kunnskapscenter lagt til Førde. Senteret skal gjere det lettare å få fram folk med høg og etterspurd kompetanse i distriktet.

### FØRDE

**Jan Atle Stang**  
stang@firda.no

Det er Førde Arbeidarparti som har sett seg føre å arbeide for eit slikt senter. Leiar for lokalpartiet, Jorunn Eide Kirketeig, seier til Firda at partiet hennar engasjerer seg i denne etableringa fordi ein meiner at eit slikt kunnskapscenter vil gje ringverknader for rekruttering av alle typar kvalifisert arbeidskraft. Dette vil igjen vere positivt for å styrkje den delen av arbeidsmarknaden som etterspur høgt kvalifisert personell.

### Førde er naturleg

Ap-leiaren i Førde meiner at Førde peikar seg ut som ein god lokalitet for eit slikt senter. Ikkje minst fordi det bur flest folk i nær avstand til Førde.

– Her har vi den største arbeidsmarknaden i fylket og Førde er eit kommunikasjonsknutepunkt i Sogn og Fjordane. Difor vil det vere naturleg og viktig at eit slikt regionalt kunnskapscenter innan teknologifag og etter- og vidareutdanning på høgskule- og universitetsnivå blir etablert her, seier Eide Kirketeig.

### Demme opp

Eide Kirketeig trur at eit slikt senter også vil kunne demme opp for at det blir for stor skilnad mellom by og land når det gjeld sjansen til å få auka kompetansen sin og for næringslivet til å få kloa i kvalifiserte folk.

– Det er den sterke etterspurnaden etter arbeidskraft med ny og relevant kompetanse som er drivkrafta bak det arbeidet vi no set i verk. For det viser seg at det å få tak i rett kompetanse er spesielt krevjande når avstanden til høgskule og universitet er stor.

– I dei større byane kan arbeidstakarar lettare knyte seg opp til lærestadene og skaffe seg ny kunnskap samstundes som dei er i arbeid. Eit kunnskapscenter i Førde vil kunne gje folk i vårt næringsområde dei same mulegheitene, meiner Eide Kirketeig.

# Spennande, lokalt o

21 kunstverk er representerte under årets utstilling, og spennvidda er stor. Alt frå kjærleiks- syngjande kvinner på høge hælær til fotografi og teikningar er med. Og Hans Sande (61) frå Førde er ein av dei 18 som er med for første gong.

### FØRDE

**Ingunn Osland**  
ingunn.osland@firda.no



– Klart det er kjekt å vere med. Eg har drive som forfattar og kunstnar i svært mange år, men dette er første gong eg søker om å få vere med på Vestlandsutstillinga. Fint å komme gjennom nålauget på første forsøk, seier Sande.

### Slutta i jobb for å stille ut

Sande har jobba i helsevesenet ved sidan av å vere kunstnar og forfattar. Men han har gitt ut nær 40 bøker i ulike sjangrar, i tillegg til at han driv med fleire andre kunstformer. På Vestlandsutstillinga stiller han ut eit fotografi, som har fått namnet «Snøliv».

– Eg har drive med kunst sidan eg var gutunge på Breim. Men eg har aldri før delteke på utstillingar. Det vil seie at dette er andre gongen. Eg hadde ei utstilling av trefigurar på Stord for ei tid sidan, og skal også ha ei utstilling her i Førde i mai, seier Sande.

Han legg til at det er først no når han har slutta i vanleg arbeid at han har tid og overskot til å søkje og lage til utstillingar.

### Snømann

Biletet som Sande stiller ut viser avtrykk av ein mann i snøen.

– Som kunstnar ser eg etter det uvanlege. Dette fotografiet er teke på Voss, der vi har hytte. Vi hadde fyrtd godt i peisen, det var midt på natta og sambuaren min hadde lagt seg. Eg var svært varm, og gjekk ut. Då fekk eg ideen, og kledde av meg, la meg i snøen og sette avtrykk av den varme kroppen i snøen. Etterpå fotograferte eg avtrykket, forklarar Sande.

Han legg til at den norske identiteten ofte er forbunden med store prestasjonar frå snø og is, frå Nansen til Kari Traa.

### Ei viktig utstilling

Kunstnarisk leiar for årets utstilling er Linn Cecilie Ulvin. Ho er stolt over årets utstilling, og legg til at dersom det hadde vore Østlandsutstillinga ho hadde fått

## Vestlandsutstillinga opna i Førde



**VAKSEN DEBUTANT:** Hans Sande er busett i Førde og har vore kunstnar i mange år, utan at han har delteke eller halde utstill

tilbod om å vere leiar for, hadde ho takka nei.

– Vestlandsutstillinga er i ei særstilling. Eg trur at det først og fremst er fordi ein har vore god til å formgje og utvikle utstillinga, seier Ulvin.

Årets utstilling mottok 256 søknader. 20 kunstnarar fekk vere med, og heile 18 av dei er med for første gong.

Kjersti Sletland (28) frå Bergen er ein av dei 18 debutantane. Ho stiller ut ei samling av edderkopper med føter forma som kvinnebein.

– Det er fint å få vere med og få vise fram kunsten sin. Eg føler at Vestlandsutstillinga vert lagt merke til, og det er heilt klart fint å ha med på cv-en at ein har vore med her, seier Sletland.



**BLIR LAGT MERKE TIL:** Kjersti Sletland frå Bergen debuterer på Vestlandsutstillinga med desse figurane i keramikk. – Det er artig å sjå publikum sin reaksjon. Nokre ser berre erotikk og kvinnebein, andre ser berre edderkopper, seier Sletland.

# og annleis




ingar. I år er 61-åringen debutant på Vestlandsutstillinga med fotografiet «Snølv».

Alle foto: Ingunn Osland



**I SÆRSTILLING:** Kunstnarisk leiar for Vestlandsutstillinga 2007, Linn Cecilie Ulvin seier utstillinga er i ei særstilling, og at det har vore både spennande og utfordrande å jobbe med den.



**HØGE HÆLAR:** «The Hungry Hearts» er med på utstillinga med performansen «High heels are walking». Dei syng kjærleikssongar fulle av klisjear, på høge helar og med stor innleving.

## Vil ha fylkes-Ap med på sjukehusdebatt

Hyllestad Ap vil ha Ap sitt fylkesårsmøte i mars med på ei fråsegn som tilseier styrking av Førde sentralsjukehus og at ein legg vekk aksjonsverksemda.

### POLITIKK

Jan Atle Stang  
stang@firda.no

Meir søkjelys på pasientane, og mindre på lokalisering. Ned med «aksjonsdemokratiet», og opp med heilskapstenkinga kring spesialisthelsetenesta i fylket.

Dette er essensen i eit framlegg frå Hyllestad Ap til årsmøtet i Sogn og fjordane Ap i mars.

### Ikkje nedlegging

Hyllestad Ap fremjar eit trepunkts framlegg, der det første punktet går på at Førde sentralsjukehus må utviklast til eit fullverdig sjukehus som kan yte spesialisthelsehjelp til beste for innbyggjarane i heile fylket samstundes som sjukehuset må vere rusta til å vere lokalsjukehus for halvparten av fylket sine innbyggjarar.

I det andre punktet presiserer Hyllestad Ap at ingen lokalsjukehus skal leggjast ned, men at funksjonane må tilpassast det som faktisk trengst av tenester i det aktuelle området.

I det tredje og siste punktet

som Ap-laget i Hyllestad vil ha fylkesårsmøtet til å vedta, heiter det at staten må ta grep som lettar det økonomiske presset på sjukehusa.

### Utfordring

I framlegget frå Hyllestad blir det klart presisert at ein no ønskjer å få avloyst det partilaget kallar «aksjonsdemokratiet», og erstatte det med konstruktivt arbeid for betre sjukehusenester i fylket. Dette inneber ei klar styrking av spesialisthelsetenesta



Finn Borgen Førsund

som Førde sentralsjukehus har ansvaret for, meiner partilaget.

Utfordringane kan nok vise seg å bli mange i høve til å få gjennomslag for ei slik fråsegn i fylkesårsmøtet. Ikkje minst fordi sterke krefter i fylkes-Ap, som Lærdal-ordførar Knut O. Aarethun, blir av mange sett på som ein viktig støttespelar av det såkalla «aksjonsdemokratiet».

At Hyllestad Ap vil få gjennomslag for punktet som går på at staten må bidra meir økonomisk, er det nok liten tvil om. Spørsmålet er om det får like god gjenklang i regjeringa, som tidlegare har sagt at den ikkje ønskjer til domes å slette foretaksgjeld fordi den ikkje vil honorere dårleg leiarskap.

## Startar universitets- utdanning i Sunnfjord

Folkeuniversitetet (FU) startar no eit omfattande prosjekt for å auke studiekompetansen til sunnfjordingane.

### UTDANNING

Jan Atle Stang  
stang@firda.no

«Kompetanseutvikling i Sunnfjord» er eit program som skal gå over to år.

Det heile startar med at det blir hentar inn forelesarar innan Arbeids- og organisasjonspsykologi til Førde og Florø. Undervisninga skal skje i samarbeid med Universitetet i Bergen, og Stig Berge Matthiesen, kjent professor frå Bergen, skal innleie studiet i Arbeids- og organisasjonspsykologi 13. oktober. Reidar Brandsberg er den i FU i vårt område som skal dra i gang tilbodet.

### Viktig motor

I Sogn er det kort veg til høgskulen og i Nordfjord dreg dei til Volda. I midtre deler av fylket har det derimot vore langt mellom dei tunge tilboda innan kompetanseheving og vidareutdanning.

– Sunnfjordregionen er i dag ein viktig motor i Sogn og Fjordane. Her er eit allsidig næringsliv og mange spennande verksemdar og fagniljø. Regionen



Reidar Brandsberg

har utfordringar i høve tilflytting og behov for auka kompetanse. Difor ønskjer Folkeuniversitetet no å satse på regionen gjennom å tilby eit godt og samansett program innan kompetanseutvikling i samarbeid med Universitetet i Bergen, seier Brandsberg til Firda.

### Studiepoeng

– Programmet er sett saman av tre ulike kompetansegevande studium. Kvar modul vil vere på 15-30 studiepoeng. Fullfører det komplette studiet i arbeids- og organisasjonspsykologi gir det 30 studiepoeng, seier Brandsberg vidare, og legg til at det ikkje er slutt med dette:

– Hausten 2008 vert det også oppstart på Personalpsykologi som gir 15 studiepoeng og våren 2009 er det klart for eit studie i motivasjon og meistring.

Programmet er ope for deltakarar både frå det private næringsliv og det offentlege. Undervisninga vil gå føre seg i sunnfjordregionen, vesentleg i Førde. Vert det mange deltakarar frå Florø, vil noko av undervisninga også kunne finne stad der.

Søknadsfristen er 15. september.